



## PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

### Høyringsuttale frå Hardangerbiblioteka

Eidfjord bibliotek  
Granvin bibliotek  
Jondal bibliotek  
Kvam bibliotek  
Odda bibliotek  
Ullensvang bibliotek  
Ulvik bibliotek

Samarbeidet Hardangerbiblioteka hadde den regionale kulturplanen oppe som sak på møtet i Odda 12.09.14

Me vurderer planen som ambisiøs og det ligg mykje godt arbeid bak. Generelt vil me sei at tiltaka er bra, men at fleire av målformuleringane burde spissast meir. Me ynskjer også tydelege prioriteringar. Kva er viktigast for Hordaland fylkeskommune?

Me vil påpeike at me er nøgde med at Hordaland fylkeskommune er tydelege på ansvarsområde i planen. Fylkesbiblioteket betyr særmykje for biblioteka i Hordaland gjennom fagleg støtte, utviklingsarbeid og kompetansehevande tiltak.

Her er våre kommentarar til det som går direkte på bibliotek (5.8)

### 29: Tilgang til moderne og attraktive bibliotek

Me set pris på at de brukar ordet **skal**, det gjev tyngd. Men målet er at det skal vera moderne og attraktive bibliotek i kvart regionsenter, kommunesenter, lokalsenter og nærsenter.

I fleire av kommunane i Hardanger har me mange små senter. Det er tronge tider og å satsa på attraktive og moderne bibliotek i alle lokalsenter og nærsenter vil verta svært utfordrande økonomisk sett. Føl det ressursar med planen?

### 32: Digitale ressursar

Her står det at biblioteka i Hordaland *skal gje innbyggjarane lik tilgang til aktuelle og relevante digitale ressursar, utstyr og hjelp til å nytta dei.* Å sikre alle lik tilgang til utstyr og hjelp er heilt umogeleg på grunn av at alle kommunane har ulik økonomi. Men fylkeskommunen kan sikra alle lik tilgang til digitale ressursar ved å kjøpa inn felles programvare og lisensar.

#### **34: Forpliktande bibliotekarbeid**

Me ynskjer å poengtera kor viktig dette punktet er, ikkje minst for biblioteka i små kommunar. Regionale samarbeid er eit stort pluss for alle, særleg med tanke på dei nye krava i biblioteklova (uavhengig møtestad, debattarena, livslang læring). Ved å satsa endå meir på det regionale samarbeidet, vil ein betre kunna nytta dei bibliotektilsette sin ulike kompetanse, sikra ei viss mengd arrangement, og bidra til at biblioteka vert endå meir innovative. Eit regionalt samarbeid vil òg styrka det auka kravet til formidling i biblioteka, - både i form av arrangement og utadretta verksemd, og med tanke på digitale ressursar. Å vera ein del av eit større miljø, ser me som ein stor suksessfaktor.

Norheimsund, 19.09.14

RagnaHelene Vestrheim  
for samarbeidet Hardangerbiblioteka